

## Respons

### Afghanistan: Homofili

Problemstilling/spørsmål:

- Kva er situasjonen for homofile menn i Afghanistan?
- Vil situasjonen variere ut frå kvar i landet ein bur?
- I kva grad vil ein mann bli utsett for tvangsgifte frå familien sin?

#### Juridisk lovverk

Seksuell omgang mellom menn er regulert i afghansk straffelov (Penal Code) frå 1976. Denne stadfestar at seksuell omgang mellom menn er straffbart og kan straffast med inntil 'lang' fengselsstraff. Om offeret for handlinga er under 18, gjev dette skjerpa omstende i straffeutmålinga.

Følgjande paragrafer i straffelova omhandlar seksuell omgang menn:

Section two, chapter 8 – Adultery, Pederasty and Violation of Honour.

*Article 426 - If the crime of adultery the conditions of "Had" are not fulfilled or the charge of "Had" is dropped, because of doubt or other reasons, the offender shall be punished in accordance with the provisions of this Chapter.*

*Article 427 -*

- (1) A person who commits adultery or pederasty<sup>1</sup> shall be sentenced to long imprisonment.*
- (2) In one of the following cases of commitment of the acts, specified above, is considered to be aggravating conditions:*
- a. In the case where the person against whom the crime had been committed is not yet eighteen years old;*
- b. [...]*

<sup>1</sup> Bruk av ordet 'pederasty' om seksuell omgang mellom vaksne menn har tidlegare vore vanleg. Ordet er blant anna brukt i omsettingar av straffelova for Albania (1977) og Latvia (1933). I eldre russisk lovtradisjon har 'pederast' referert til menn som har analt samleie med andre menn, uavhengig av alder (ILGA 2010).

#### Respons Afghanistan: Homofili

Ifølgje islamsk lov, sharia, blir homoseksuell omgang knytt til *zina* som er *hudood* brotsverk. Brot på desse lovene kan gje dødsstraff (UNHCR 2010, s. 28).

### **Implementering av juridisk lovverk**

I si munnlege forklaring for britisk rett i 2008 viser den italienske afghanistaneksperten Antonio Giustozzi til at det i 2006/2007 var 159 saker registrert ved riksadvokaten sitt kontor med merknad om seksuell aktivitet mellom menn (Asylum and Immigration Tribunal 2008, s. 11). Den afghanske menneskerettskommisjonen (AIHRC) og UNICEF viser til at 12 prosent av unge menn i undersøkte rehabiliteringssenter for ungdom<sup>2</sup> var skulda for sodomi eller utruskap. Gutar ned i 13-årsalderen var skulda for seksuell omgang med menn. Menneskerettskommisjonen meiner desse unge menna meir truleg er offer for barneutnytting framfor å vere gjerningsmenn (AIHRC & UNICEF 2008, s. 13).

Etter det Landinfo kjenner til, føreligg det verken systematisk informasjon frå det afghanske rettssystemet om talet på tiltaler relatert til homoseksuell omgang, eller informasjon om utfalla av behandla saker. Ifølgje U.S Department of State (2011, s. 50) blir lovverket berre sporadisk implementert. Det føreligg heller ikkje systematisk informasjon om kva type saker som kjem til rettsleg behandling: i kva grad dette gjeld seksuell omgang mellom vaksne menn, eller mellom eldre og yngre gutter, det vil seie overgrep mot barn. Overgrep i form av seksuelle relasjoner mellom eldre menn og yngre gutter er sannsynligvis sterkt underrapportert. Den vaksne i slike relasjoner har ofte mykje makt og blir i praksis sjeldan straffeforfølgd. Underrapportering kan også skuldast at offera fryktar både represalias og stigmatisering om relasjonen blir offentleg kjend (Landinfo 2011a).

Det er ikkje registrert fullbyrda dødsstraff for homoseksuell omgang i Afghanistan etter Taliban sitt fall (ILGA 2010).

### **Sosiokulturell forståing av homofili**

#### **Tolkingsramme for seksuell omgang mellom same kjønn**

Homofili, at menn har seksuell omgang med andre menn, er ein kategori afghanarar sjølv ikkje opererer med, ifølgje Shivanada Khan (2008) frå Naz Foundation International<sup>3</sup>. Seksuelle relasjoner mellom menn blir tolka som ein relasjon mellom mann/ikkje-mann framfor ein relasjon mellom mann/mann, slik ein kjenner det frå vestlege referanserammer. Yngre gutter (*beardless youth*) og menn med feminine trekk blir kategorisert som 'ikkje-mann', ein kategori det er knytt vanære til. 'Ikkje-mannen' tek som oftast ei passiv rolle i relasjonen. Partneren opprettheld maskuliniteten sin gjennom å vere den aktive og dominerande parten (ein 'ekte mann'). Dermed er det ikkje knytt same vanære til denne kategorien som føregåande: 'ikkje-mann' (Khan 2008, s. 22).

Distinksjonen mann/ikkje-mann lagar ei referanseramme der seksuell omgang mellom menn til ei viss grad blir tolerert i samfunnet. Men sidan denne relasjonen blir oppfatta som

<sup>2</sup> Rehabiliteringssentra er for ungdom frå 12 til 18 år. Ungdom som kjem hit er anten klaga inn for rettssystemet (varetekts) eller kan ha fått dom i samsvar med Juvenile Code.

<sup>3</sup> Naz Foundation er ein internasjonal NGO som arbeider for betra seksuell helse og rettar for menn som har seksuell omgang med kvarandre, og deira familiær, primært i Sør-Asia.

### **Respons Afghanistan: Homofili**

uloveleg både i religiøs og sekulær forstand, er det likevel ikkje uttalt akseptert (Khan 2008, s. 29).

At seksuell omgang mellom menn blir praktisert og delvis tolerert, er eit trekk ved fleire muslimske samfunn. Sosialantropologen Unni Wikan skriv i kronikken 'Islams usynlige seksualitet' blant anna:

*I praksis er homoseksualitet blant menn utbredt og akseptert i mange, trolig de fleste, muslimske samfunn. To typer er tradisjonelt velkjent: Mellom eldre menn og yngre gutter – og mellom menn av khanithtypen<sup>4</sup> og heterofile menn. Omfanget av seksualitet mellom menn bør ses i forhold til det kompromissløse kravet om at kvinner skal være seksuelt rene og ærbare. Seksualitet mellom menn anses som en sikkerhetsventil som beskytter kvinnene (Wikan 2007).*

Wikan held fram at mange muslimske miljø kan karakteriserast av 'viljen til ikkje å vite', der praksis som er i strid med islam eller sterke kulturelle føringar, ikkje blir snakka om (Wikan 2007). Dette er også i stor grad tilfelle i Afghanistan, godt eksemplifisert av Khan (2008) sin deskstudie av eksisterande litteratur om hiv, seksuell omgang mellom menn, praksistar og seksuell utnytting i Afghanistan. Denne studien har hovudtittelen 'Everybody knows, but nobody knows'.

#### Praksis for seksuell omgang mellom same kjønn

I ei undersøking utførd av Naz Foundation i 2009 (Khan 2009, s. 17), definerar menn som har seksuell omgang med andre menn seg sjølv inn i følgjande tre hovudkategoriar:

- a) kjønnsbasert (den sosiale konstruksjonen av kjønn): menn som identifiserar seg sjølv som feminine, og har seksuell omgang med normativt maskuline menn
- b) aldersbasert: vaksne menn som har seksuell omgang med yngre gutter
- c) situasjonsbasert: seksuell omgang mellom mannlege vene, ofte i kontekstar der det er sterkt avgrensa tilgang til kvinner

Den fleire hundre år lange tradisjonen med dansande gutter (*bacha bazi*) (Landinfo 2011a) fell under kategorien aldersbasert. Kategorien situasjonsbasert viser til at seksuell omgang mellom vaksne menn også finn stad i tilfeller der ingen av partane identifiserar seg sjølv som feminine eller yngre. Anekdotiske historier om menn som har seksuell omgang med kvarandre i fråver av kvinner fell i denne kategorien (Cardinalli 2009; Reynolds 2002).

Ved Landinfo sitt møte med menneskerettsskommisjonen i Afghanistan i oktober 2011 viste dei til at kategorien homofile ikkje eksisterar i Afghanistan. Menneskerettsskommisjonen hadde ikkje hatt nokon saker som omhandlar dette. Dei bekrefta at praksisen med dansande gutter er utbrettet, men at desse ikkje blir sett på som homofile. Heller blir ofte offera, dei yngre gutane, sett som mannlege prostituerte (AIHRC, møte i Kabul oktober 2011).

Seksuell omgang mellom menn blir dermed tolka inn i kategoriar for ulike praksistar, medan homofili som legning er ein ikkje-eksisterande kategori.

---

<sup>4</sup> 'Feminiserte' menn

## Sosial reaksjon/ stigma

Sjølv om praksisen med seksuell omgang mellom menn eksisterar, er det knytt sterkt sosial stigma til dette om det blir omtala i det offentlege. Dette blir tydeleg eksemplifisert gjennom dei ulike tolkingsrammene der det blir knytt vanære til kategorien 'ikkje-mann', og menneskerettskommisjonen som viser til at yngre gutter kan bli sett som prostituerte (AIHRC, møte i Kabul oktober 2011). Den meir nøytrale kategorien situasjonsbasert seksuell omgang mellom menn, synast berre å bli brukt av menn som identifiserar sin eigen praksis, ikkje av utanforståande.

Dr. Niaz Shah, som stilte som ekspertvitne for britisk rett i 2008 (Asylum and Immigration Tribunal, 2008), uttalte at ein mann kan ha seksuell omgang med andre menn i løyndom. Offentlegheit rundt relasjonen kan derimot utløyse strenge reaksjonar, i yttarste konsekvens dødsfall, frå ikkje-statlege aktørar (Asylum and Immigration Tribunal 2008, s. 7-8). Giustozzi viser også til at i lokalsamfunn der seksuelle relasjonar mellom menn (oftast mellom eldre og yngre menn) har vore tradisjon over lengre tid, er det likevel uakzeptabelt for samfunnet at to vaksne menn har ein seksuell relasjon (Asylum and Immigration Tribunal 2008, s 12). I ei undersøking frå 2009 konkluderar Khan at menn som har seksuell omgang med andre menn kan risikere ulike typar reaksjonar:

*It is clearly recognised that because of denial, invisibility, stigmatisation and illegality (both religious and secular), males who have sex with males already face considerable risks of harassment, violence, and perhaps imprisonment (Khan 2009, s. 63)*

Sosial stigmatisering av ein person reflekterar også tilbake på heile familien si ære. Familien er dermed ein viktig ikkje-statleg aktør som øver press mot vedkommande (Asylum and Immigration Tribunal 2008, s. 7). Landinfo er ikkje kjent med informasjon som ytterlegare eksemplifiserar kva former sanksjonar kan ta, eller omfanget av dette.

Ifølgje Riksförbundet för homosexuallas, bisexuallas och transpersoners rättigheter (RFSL) finnast det ingen offentleg kjende organisasjonar som jobbar for rettane til homoseksuelle, biseksuelle og transseksuelle personar(RFSL u.å). U.S. State Department rapporterer at desse organisasjonane arbeider hemmeleg/under jorda, i den grad dei eksisterar (U.S. Department of State 2011, s. 50). Landinfo er ikkje kjend med om organisasjonar som arbeider med førebygging av hiv/aids også arbeider for rettane til personar som har seksuell omgang med personar av same kjønn.<sup>5</sup>

## Geografiske variasjonar

Det er nærliggande å tru at det vil vere geografiske variasjonar når det gjeld i kva grad menn som har seksuell omgang med andre menn kan leve utan truslar frå omgjevnadane. Dr. Shah meiner ein kan leve relativt trygt i større byar, der det er større sjanse for å skjule praksisen over lengre tid, enn på landsbygda der reaksjonar frå lokalsamfunn kan vere strenge. Vidare meiner Dr. Shah det er relevant kven som styrer politisk, både lokalt og sentralt. Om det er sterkt religiøst forankra personar eller Taliban, vil det truleg vere vanskelegare, og kunne ha

---

<sup>5</sup> Ein gjennomgang av for eksempel Verdensbankens nettside gir ingen indikasjonar på at dei på generelt grunnlag jobbar med rettane til homofile.

meir alvorlege konsekvensar, enn om det er meir liberale krefter som styrer (Asylum and Immigration Tribunal 2008, s. 7).

## **Ekteskap**

### **Ekteskapsforventningar for menn**

I fråver av ein fungerande stat som kan ivareta individu/borgarane sine behov, har familie og slekt i stor grad behalde sin posisjon som ein av dei viktigaste institusjonane ein person tilhøyrer i Afghanistan. Familien utgjer det primære sikkerheitsnettverket (økonomisk og menneskeleg), og familielasjonane er prega av sterke normer for, og forventningar om, gjensidige ytingar. I tillegg er familien den primære kjelda for sosial status til enkeltpersonar. Sosial status og også æra til ein familie blir i stor grad definert ut frå den offentlege oppfatninga av familien som heilskap. Dermed verkar også dei einskilde familiemedlemmane sine sosiale statusar refleksivt på kvarandre (Emadi 2005, s. 166).

Inngåing av ekteskap blir betrakta som ei avtale mellom to familiar framfor eit individuelt val hos dei framtidige ektefellar grunna i eit forhold basert på følelsar. I tillegg til politiske og økonomiske forhold som spelar inn i ei ekteskapsforhandling (Landinfo 2011b, s. 5), bidreg eit ekteskap til å oppretthalde familiene si åre gjennom den kontroll institusjonen har over både kvinner og menn sin seksualitet (Afghanistan Research and Evaluation Unit 2009, s. 1).

Ekteskap blir dermed svært viktig både for den sosiale reproduksjonen og æra til ein familie, og det er foreldra sitt ønskje å legge til rette for gode ekteskapsavtaler for borna sine. Det er uvanleg å bli verande ugift.

Siste offisielle folketeljing i Afghanistan vart gjennomført i 1979, og fullverdige folketalsstatistikkar frå landet er laga på dette grunnlagsmaterialet. Tretti år med konflikt og tidvis krigshandlingar vil truleg gje utslag og variasjon, særleg i kategorien enke/enkemann. Likevel kan denne statistikken gje ein indikasjon på fordelinga av sivilstatus i landet.

Gender	Marital status	15-19	20-24	25-29	30-34	35-39	40-44	45-49	50-54	55-59	60-64	65+
Women	Single	46,4	9,3	2,8	1,5	0,9	1,0	1,0	0,9	1,2	1,5	1,9
Women	Married	53,4	89,8	95,7	95,8	94,5	89,2	84,1	74,6	66,1	48,5	29,4
Women	Widowed	0,2	0,8	1,3	2,6	4,5	9,6	14,7	24,4	32,5	49,8	68,6
Women	Divorced	0,1	0,1	0,1	0,1	0,1	0,2	0,2	0,1	0,1	0,2	0,2
Men	Single	90,8	63,5	35,0	16,7	9,0	5,8	4,1	3,4	2,6	2,5	2,9
Men	Married	9,1	36,1	64,1	82,0	88,9	91,5	92,9	91,8	90,7	87,6	79,7
Men	Widowed	0,1	0,3	0,9	1,3	2,0	2,7	3,0	4,7	6,6	9,8	17,3
Men	Divorced	0,0	0,1	0,0	0,1	0,1	0,0	0,1	0,1	0,1	0,1	0,1

(UNSD 2008)

Giustozzi viser også til at det er meir akseptert i tradisjonelle samfunn at menn har seksuell omgang med andre menn om dei samstundes er gift og har barn (Asylum and Immigration Tribunal 2008, s. 11).

### **Respons Afghanistan: Homofili**

## Tvang for menn ved inngåing av ekteskap

I si studie av ekteskapstradisjonar viser Afghanistan Research and Evaluation Unit (2009, s. 28-29) til at mange av deira mannlege respondentar meiner dei har blitt utsett for tvang i samband med inngåing av ekteskap. At også menn blir utsett for tvang ved inngåing av ekteskap, er ein av dei argumenterte årsakene for både vald mot kvinner (menn let frustrasjonen sin gå ut over ektefellen) og polygami (at menn ved seinare ekteskap i større grad sjølv kan velje kven dei vil gifte seg med). Nokon av familiene i studia viser til redsla for at unge ugifte menn skal starte relasjoner til kvinner som familien ikkje ser som passande. At unge menn giftar seg tidleg, kan forhindre desse relasjonane å vekse fram.

Landinfo finn det sannsynleg at også menn, på linje med kvinner, kan oppleve grad av tvang i samband med inngåing av ekteskap, når ekteskapsinstitusjonen primært blir oppfatta som ei avtale mellom to familiar. I kva grad brudgom og brud sjølv kan påverke, vil truleg variere ut frå sosioøkonomiske forhold, grad av tradisjon og konservativisme i gjeldande geografisk område, og mellom ulike familiar.

Utlendingsforvaltningens fagenhet for landinformasjon (Landinfo) skal som faglig uavhengig enhet innhente og analysere informasjon om samfunnsforhold og menneskerettigheter i land som Utlandingsdirektoratet, Utlandsnemnda og Justis- og beredskapsdepartementet til enhver tid har behov for kunnskap om for å kunne løse sine oppgaver. Landinfos rapporter og temanotater er basert på opplysninger fra både offentlige og ikke offentlige kilder. Opplysningene er innsamlet og behandlet i henhold til kildekritiske standarder. Kilder som av ulike grunner ikke ønsker å bli offentliggjort, er ikke nevnt ved navn.

En respons er et svar på konkrete spørsmål og problemstillinger som saksbehandlere i utlendingsforvaltningen har stilt Landinfo. Responser er ikke ment å være utfyllende redegjørelser for et tema eller et spørsmål, men skal gi svar på de konkrete spørsmålene som er stilt, og ellers inneholde det som til enhver tid trengs av bakgrunnsinformasjon.

Opplysningene som blir lagt fram i responsene, kan ikke tas til inntekt for et bestemt syn på hva praksis bør være i utlendingsforvaltningens behandling av søknader. Landinfos responser er heller ikke uttrykk for norske myndigheters syn på de forhold og land som responsene omhandler.

## Referansar

### Skriftlege kjelder

- Afghanistan Research and Evaluation Unit (2009, februar). *Decision, Desires and Diversity: Marriage Practices in Afghanistan*. Kabul: Afghanistan Research and Evaluation Unit. Tilgjengeleg frå <http://www.areu.org.af/Uploads/EditionPdfs/905EMarriage%20Practices-IP-web.pdf> [lasta ned 26. mars 2012]
- AIHRC, dvs. Afghanistan Independent Human Rights Commission & UNICEF (2008, 26. juni). *Justice for children. The situation of children in conflict with the law in Afghanistan*. Kabul: AIHRC. Tilgjengeleg frå [http://www.unicef.org/media/files/Juvenile\\_Detention\\_Study\\_engl.pdf](http://www.unicef.org/media/files/Juvenile_Detention_Study_engl.pdf) [lasta ned 29. februar 2012]
- Asylum and Immigration Tribunal, UK (2009, 5. januar). *AJ (Risk to Homosexuals) Afghanistan v. Secretary of State for the Home Department*. Leicester: Asylum and Immigration Tribunal, UK. Tilgjengeleg via Refworld  
<http://www.unhcr.org/refworld/docid/4964c06b2.html> [lasta ned 20. mars 2012]

## Respons Afghanistan: Homofili

- Emadi, Hafizullah (2005). *Culture and Customs of Afghanistan*. Westport, CT: Greenwood Press.
- Cardinalli, Anna Maria (2009). *Pashtun Sexuality*. [s.l.]: Human Terrain Team (HTT) AF-6. Tilgjengeleg via OutHistory.org  
[http://outhistory.org/wiki/Anna\\_Maria\\_Cardinalli:\\_%22Pashtun\\_Sexuality%22,\\_August\\_30,\\_2010](http://outhistory.org/wiki/Anna_Maria_Cardinalli:_%22Pashtun_Sexuality%22,_August_30,_2010) lasta ned 27. mars 2012]
- Khan, Shivananda (2008, september). *Everybody knows, but nobody knows. Desk review of current literature on HIV and male-male sexualities, behaviours and sexual exploitation in Afghanistan*. London: Naz Foundation International. Tilgjengeleg fra  
[http://www.aidsdatahub.org/dmdocuments/Everybody\\_knows\\_but\\_nobody\\_knows\\_Afghan\\_Review.pdf.pdf](http://www.aidsdatahub.org/dmdocuments/Everybody_knows_but_nobody_knows_Afghan_Review.pdf.pdf) [lasta ned 29. februar 2012]
- Khan, Shivananda (2009, 30. mars). *Rapid assessment of male vulnerabilities to HIV and sexual exploitation in Afghanistan*. London: Naz Foundation International. Tilgjengeleg fra  
[http://www.aidsdatahub.org/dmdocuments/Rapid\\_Assessment\\_of\\_Male\\_Vulnerabilities\\_to\\_HIV\\_and\\_Sexual\\_Exploitation\\_in\\_Afghanistan\\_2009.pdf.pdf](http://www.aidsdatahub.org/dmdocuments/Rapid_Assessment_of_Male_Vulnerabilities_to_HIV_and_Sexual_Exploitation_in_Afghanistan_2009.pdf.pdf) [lasta ned 20. mars 2012]
- Landinfo (2011a, 11. februar). *Afghanistan: Dansende gutter (bacha bazi)*. Oslo: Landinfo. Tilgjengeleg fra  
[http://www.landinfo.no/asset/1544/1/1544\\_1.pdf](http://www.landinfo.no/asset/1544/1/1544_1.pdf) [lasta ned 22. mars 2012]
- Landinfo (2011b, 19. mai). *Afghanistan: Ekteskap*. Oslo: Landinfo. Tilgjengeleg fra  
[http://www.landinfo.no/asset/1628/1/1628\\_1.pdf](http://www.landinfo.no/asset/1628/1/1628_1.pdf) [lasta ned 26. mars 2012]
- ILGA, dvs. The International Lesbian, Gay, Bisexual, Trans and intersex Association (2010, mai). *State-sponsored Homophobia – A world survey of laws prohibiting same sex activity between consenting adults*. Brussel: ILGA. Tilgjengeleg fra  
[http://old.ilga.org/Statehomophobia/ILGA\\_State\\_Sponsored\\_Homophobia\\_2010.pdf](http://old.ilga.org/Statehomophobia/ILGA_State_Sponsored_Homophobia_2010.pdf) [lasta ned 20. mars 2012]
- Penal Code (1976, 7. oktober). Kabul: Government of the Republic of Afghanistan. Tilgjengeleg fra  
[http://www.cicr.org/ihl-nat.nsf/6fa4d35e5e3025394125673e00508143/845809a497304d8fc12571140033ac69/\\$FILE/Penal%20Code%20-%20Afghanistan%20-%20EN.pdf](http://www.cicr.org/ihl-nat.nsf/6fa4d35e5e3025394125673e00508143/845809a497304d8fc12571140033ac69/$FILE/Penal%20Code%20-%20Afghanistan%20-%20EN.pdf) [lasta ned 27. februar 2012]
- Reynolds, Maura (2002, 3. april). Kandahars's Lightly Veiled Homosexuals Habits. *Los Angeles Times*. Tilgjengeleg fra  
<http://articles.latimes.com/2002/apr/03/news/mn-35991> [lasta ned 29. mars 2012]
- RFSL, dvs. Riksförbundet för homosexuella, bisexuella och transpersoners rättigheter (u.å). *Afghanistan*. Stockholm: RFSL. Tilgjengeleg fra:  
<http://www.rfsl.se/?p=3504> [lasta ned: 29.02.12]
- UNHCR (2010, 17. desember). *Eligibility Guidelines for Assessing the International Protection Needs of Asylum-Seekers from Afghanistan*. Geneve: UNHCR. Tilgjengeleg fra  
<http://www.unhcr.org/refworld/docid/4d0b55c92.html> [lasta ned 20. mars 2012]

## Respons Afghanistan: Homofili

- UNSD, dvs. United Nations Statistic Division (2008). *Women and Men by Martial Status*. New York:UNSD. Tilgjengeleg frå [http://www.un.org/esa/population/publications/WMD2008/Data/Navigation/UNPD\\_WMD\\_2008\\_MARITAL\\_STATUS\\_SMAM](http://www.un.org/esa/population/publications/WMD2008/Data/Navigation/UNPD_WMD_2008_MARITAL_STATUS_SMAM) [lasta ned 26. mars 2012]
- U.S. Department of State (2011, 8. april). *2010 Country Reports on Human Rights Practice: Afghanistan*. Washington D.C.: U.S. Department of State. Tilgjengeleg frå <http://www.state.gov/documents/organization/160445.pdf> [lasta ned 21. mars 2012]
- Wikan, Unni (2007, 7. januar). Islams usynlige sexualitet. *Aftenposten*. Tilgjengeleg frå <http://www.aftenposten.no/meninger/kronikker/article1591540.ece> [lasta ned 8. mars 2012]
- The World Bank (u.å.). Afghanistan HIV/ AIDS Prevention Project. Washington D.C.: The World Bank. Tilgjengeleg frå <http://web.worldbank.org/external/projects/main?Projectid=P101502&theSitePK=40941&piPK=73230&pagePK=64283627&menuPK=228424> [lasta ned: 26. mars 2012]

### Munnleg kjelde

- AIHRC, dvs. Afghanistan Independent Human Right Commission. Møte i Kabul 22. oktober 2011.

© Landinfo 2012

**Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverklovens bestemmelser. Uten særskilt avtale med Landinfo er enhver eksemplarfremstilling og tilgjengeliggjøring bare tillatt i den utstrekning det er hjemlet i lov.**

### Respons Afghanistan: Homofili